



Tore Heimvik

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/939 - 23/14161

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@osteroy.kommune.no

Dato:
19.06.2023

Heimvik Hjortevald - Svar på søknad om fellingsløyve for 2023. Vedtak.

VEDTAK

Med heimel i hjorteviltforskrifta § 18, får Heimvik hjortevald tildelt 22 løyve til hjortejakta i 2023, jf. §§ 1 og 3. Tildeling er gjort ved fråvik av minstearealet med 50 % oppover, etter hjorteviltforskrifta § 7, med lokale bestandsforhold og hjortevaldet sitt ønskje som grunngeving, jf. saksutgreiinga.

Løyva vert tildelte ved «målretta tildeling» etter hjorteviltforskrifta § 18 tredje ledd, gjennom utsending av eige skjema med det første. Det vert føresettt av valdet føl strukturen i den målretta tildelinga ved jaktuttaket i 2023.

Bakgrunn

I brev av 28.03.23 tek Heimvik hjortevald (nr. 26), ved valdleiar Tore Heimvik, opp tidlegare tildeling av hjorteløyve til valdet, og meiner at det er ikkje grunnlag for å tildele 33 løyve per år, som var kvota i 2022. Før dette, i perioden 2018 - 2022, var årleg kvote på 14 løyve.

Bakgrunnen for reaksjonen er opplevinga av dagens bestandstettleik i området, og fellingsresultatet i 2022, der det vart felt 3 dyr av 33 tildelte løyve, som utgjer 9 % av kvota.

I tidsperioden med 14 dyr som årleg kvote, låg felling kring 50 % per sesong, med 36 % som den lågaste (2021) og 71 % som den høgaste (2020), jf. tabell:

År	Tildelt løyve	Felte hjort	Fellingsprosent
2016	14	8	57 %
2017	14	7	50 %
2018	14	7	50 %
2019	14	7	50 %
2020	14	10	71 %

2021	14	5	36 %
2022	33	3	9 %

Med bakgrunn i fellingsstatistikken ønskjer Heimvik hjortevald ein vesentleg reduksjon av løyvetalet for 2023. I dette høvet vert tildelinga av 8 løyve til Kleiveland hjortevald i 2022, trekt fram som samanlikningsgrunnlag og døme på unaturleg skilnad i løyvetildelinga mellom to vald i det same, geografiske området. Valda forvaltar og jaktar i stor grad på dei same dyra, i følgje valdleiar.

Forskjellen i tildeling i 2022, utgjorde 25 løyve, der løyvetalet til Kleiveland høgst truleg er det rettaste, også for Heimvik, går det fram av brevet.

Det vert elles vist til kontakt med jaktrettshavarar i Vaksdal kommune, som melder om nedgang av hjort hjå seg (Gammersvik, Grøsvik og Toskedalen). Hjorten på nordre delar av Osterøy trekk på tvers av kommunegrensa, og det er soleis naturleg å inkluderte valda på «vaksdalsida» i vurderinga av bestandsituasjonen i området, i følgje valdleiar.

Med bakgrunn i at Heimvik berre tok ut kring halvparten av dyra ved tildeling av 14 løyve, meiner valdleiar at den rette tildelinga for framtida, truleg vil vere under dette løyvetalet.

Formelt grunnlag/rammer:

- Forskrift om forvaltning av hjortevilt, med Rundskriv M-478
- Forvaltingsplan for hjort for Osterøy kommune, 2022 - 2025
- Forskrift om minsteareal for hjort, Osterøy kommune, Vestland
- Vedtak i Planutvalet i Osterøy kommune, 25. mai 2023.

Saksvurdering

I følgje Forskrift om forvaltning av hjortevilt (hjorteviltforskrifta), skal kommunen sitt fastsette minsteareal i gjeldande område, vere utgangspunktet for tildeling av løyve, jf. § 6. Kommunen kan fråvike minstearealet for enkeltvald, oppover eller nedover, med inntil 50 %, ut frå lokal bestands-situasjon, gjeldande utviklingstrekk, skadeproblematikk med meir, jf. § 7. Eit slik fråvik skal gjerast som enkeltvedtak.

Heimvik hjortevald har 6 682 daa som godkjent, teljande areal. Valdet ligg i følgje kommunen si forskrift om minsteareal, i eit område med 200 daa som minsteareal. Dette utløyser 33 løyve, som er bakgrunnen for kvotetildelinga til jakta i 2023.

Tabellen ovanfor, om historisk felling, viser at årleg uttak har variert kring 7-8 dyr, med lågast felling dei to siste åra, høvesvis 3 og 5 dyr. I dette høvet går kommunedirektøren ut frå at jaktuttaket dei siste sju åra, uttrykker bestandssituasjonen og tettleiken av hjort i området, som igjen bør danne grunnlag for forvaltinga, med tildeling av løyve.

Det vil difor vere viktig å finne «rett» forhold mellom tildelte løyve og felte dyr, slik at avviket ikkje bli for stort, sidan stor skilnad vil gjere målstyring vanskeleg. I Heimvik hjortevald sitt tilfelle, er avviket for stort, spesielt dei to siste åra, og det er difor fagleg grunnlag for å justere ned løyvetalet før jakta i 2023, etter kommunedirektøren si vurdering.

Som nemnd kan kommunen nytte av «50%-regelen» ved tildeling av løyve dersom bestands-situasjonen tilseier det. Ved maksimal bruk av regelen oppover for Heimvik hjortevald, gjev dette 300 daa som tildelingsareal, som utløyser 22 løyve.

Dette løyvetalet er også langt høgare enn kva som tidlegare er teke ut i valdet, men den lågaste tildelinga som hjorteviltforskrifta opnar for, utan å endre minstearealet. Ei slik endring må eventuelt gjerast gjennom eige, politisk vedtak. I dette høvet har Planutvalet bede administrasjonen gjere ei vurdering av dagens inndeling i kommunen, som grunnlag for eventuelle endringar.

Heimvik hjortevald meiner det er naturleg med felles forvaltingsstrategi og utgangspunkt for tildeling av løyve med Kleiveland hjortevald, sidan det i stor grad er dei same dyra som trekk mellom valda. Dette er eit relevant argument. Likevel viser «Sett hjort»-registreringa under jakta, enkelte skilnadar, ved at det vert sett fleire dyr per jegerdag – og eit høgare innslag med koller per bukk - i Heimvik enn på Kleiveland, men ikkje i særleg grad.

Konklusjon

På bakgrunn av tilgjengelege informasjon om bestandssituasjonen og jaktutøvinga lokalt, finn kommunedirektøren grunnlag for å gjere maksimal nytte av «50%-regelen», ved å tildele 22 løyve til Heimvik hjortevald i 2023. Dette er 11 færre løyve enn tildelinga i 2023.

Kommunedirektøren vurderer at reduksjonen av løyve til Heimvik hjortevald, ikkje går ut over kommunen sine målsetjingar for hjorteforvaltninga, jf. forvaltningsplanen.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av kommunelova § 5-3 og delegert mynde, jf. Osterøy kommune sitt delegasjonsreglement.

Klage:

Det vert gjort merksam på at dette er eit vedtak gjort av kommunen som kan klagast på til Statsforvaltaren, jf. forvaltningslova § 28. Klagefrist er 3 veker rekna frå melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova § 29. Klagen skal stilast til Statsforvaltaren Vestland, men sendast til Osterøy kommune. Klagen må grunngjevast. Part har høve til dokumentinnsyn, jf. forvaltningslova §§ 18-19

Med helsing

Arnstein Øvsthus
kommunalsjef

Tore Johan Erstad
einingsleiar for teknisk forvaltning og plan

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.